



Dette er utkastet som arkitekten meiner no kan leggjast ut til offentlig ettersyn utan vidare endringar. Områda som er merka KB skal regulerast til bustad/fritidsbustad medan område med KH skal regulerast til fritidsbustad/bustad/hotell.

Eit halvt år etter at plana vart handsama i forvaltningskomiteen har sivilarkitekt Anders Vikøren sendt eit endra utkast til kommunen og bedt om at det blir lagt ut til offentlig ettersyn.

Planen samsvarar med vedtaket i komiteen og Vikøren ber om at han no blir lagt ut utan vidare endringar. Endringane som er føreteke er ikkje store – ein av dei er at planen er forlenga litt mot nordaust og omfattar tre eigedomar til. Dei vert utløyst av den private vegen, som er forlenga.

Det naustet som ligg nærast Beinavikjo Brygge og som var på det førre utkastet var vist som fritidsbustad er no vist som bustad/fritidsbustad, som mykje av området ellers. Det andre dominerande reguleringsforemålet i planen, som omfattar området rundt og ovanfor Trelastlageret, er som i førre utkast regulert til fritidsbustad/bustad/hotell.

- Det er ikkje lagt føringar i vedtaket på føremål eller vedtekter i planen. Vi har lagt inn det som vi fagleg sett meiner er turvande og som gjev rimeleg handlefridom for eigarar av eigedomane, skriv arkitekt Vikøren i sin kommentar.

Bakgrunnen for at reguleringsplanen er utarbeidd er eit krav frå Fylkesmannen om reguleringsplan for å få etablert småbåthamn. Arkitekten legg for sin del vekt på ynskjet om å utvikla eit aktivt område der bruken fritidsbustad/bustad/næring vil kunne variera og ha ein fleksibilitet som vil vera tiltrekkjande.

I samband med reguleringsforemålet hotell blir ordet appartementshotell nytta. Det heiter at busetnaden på KH1 kan nyttast til forretning (trelastlager) men også til kombinert føremål appartementshotell (kombinert næring og fritidsbustad) samt tilhøyrande garasje og uthus.

Busetnaden på KH2 kan nyttast til appartementshotell (kombinert næring og fritidsbustad) samt tilhøyrande garasje og uthus i kombinasjon med bustad.

Av Ola Matti Mathisen

